

# VEDTEKTER FOR MAUSEIDVÅG BEDEHUSFORENING

§1 Mauseidvåg Bedehusforening, forkorta MB, er ei forening open for dei einskildpersonar som vil arbeide etter foreninga sitt formål.  
Medlemene betaler kontingenten som er fastsett av årsmøtet.

§ 2 M.B. har til mål:

- a) Å sikre tomt for og bygge nytt bedehus i Mauseidvåg
- b) Å organisere og legge til rette dagleg drift og vedlikehald av huset; økonomisk og praktisk.
- c) Å arbeide for at det vert halde møter og arrangement med siktemål å vinne nye for Jesus Kristus og gi vekst og styrke til dei som har tatt i mot han som sin frelsar

§ 3 Formål :

- a) M.B.'s bedehus skal i første rekke brukast til kristen verksemd på evangelisk luthersk grunn.
- b) Bedehuset kan og nyttast til anna kristen verksemd på evangelisk grunn
- c) Huset kan og nyttast til kulturelle formål og private arrangement når høvet tillet det, og så sant desse aktivitetane ikkje kjem i strid med dei andre ledda i § 3.
- d) M.B. ønsker å legge til rette og arbeide for at bedehuset skal være ein plass for bygdefolket, der Jesus Kristus blir presentert og sett fokus på gjennom ulike aktivitetar

§ 4 Årsmøtet er foreninga sitt øvste organ. Dette vert halde kvart år innan utgangen av februar. Årsmøtet vert kalla inn med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn når styret eller 1/3 av foreninga sine medlemmer finn det naudsynt.  
Medlemmer som har betalt kontingenten, har tale- og røysterett på årsmøtet.

Medlemene har 1 stemme kvar og kan berre representere seg sjølv.

Innbedne gjester kan av årsmøtet gjevast talerett.

Årsmøtet vel møteleiar og protokollførar etter innstilling frå styret eller forsamlinga.

§ 5 Årsmøtet skal handsame :

- styret si årsmelding med rapportar frå eventuelle underkomitear
- revidert rekneskap for siste kalenderår
- styret sitt forslag til budsjett for komande år
- val av formann, styremedlemer og varamedlemer til styret
- val av 1 revisorar for 1 år
- val av 2 personar for underteikning av protokoll
- framlegg til endringar av vedtektene
- kontingenten for etterfylgjande år
- andre innsende framlegg og saker
- saker som styret legg fram til uttale eller avgjerd
- husreglar for bedehuset

Saker som skal handsamast på årsmøtet må meldast styret innan 15.12.

Sakliste vert sendt alle medlemmer seinast 14 dagar før årsmøtet.

Avgjerdslar og val der ikkje anna er vedteke, skjer ved vanleg stemmefleirtal.

Det vert sett opp protokoll over årsmøtet, denne vert godkjend av 2 valde medlemmer og sendt alle medlemmer. Eventuelle merknader til protokollen må vere innkomne innan ein månad etter utsendinga.

# VEDTEKTER FOR MAUSEIDVÅG BEDEHUSFORENING

§ 6 Foreninga blir leia av eit styre som står ansvarleg for årsmøtet.

Styret er samansett av :

- a) formann som vert valt av årsmøtet for 2 år om gongen og fungerer t.o.m. årsmøtet.  
4 styremedlemer som vert valde av årsmøtet for 2 år om gongen.  
2 av desse er på val kvart år.

2 varamedler valde av årsmøtet for 1 år om gongen.  
Varaformann og sekretær vert valde innan styret.

§ 7 Styret har til oppgåve :

- leie arbeidet i foreninga
- forvalte foreninga sine midlar og andre egedelar
- sette ned og løyse opp komitear og arbeidsutval dersom det finn dette formålstenleg
- legge fram for årsmøtet meldingar og rapportar
- stå for utleige av huset og vere ansvarleg for drifta
- arbeide for at det vert halde misjonerande og oppbyggjande møter og arrangement, i regi av andre eller foreininga

Styret kan delegere oppgåver til utval og komitear der det finn dette praktisk, men eit samla styre tek avgjerder i meir prinsipielle saker og i saker med større økonomiske rekkevidde.

Styret syter for at det blir ført rekneskap.

Rekneskapen vert stilt til disposisjon for revisor minst 14 dagar før årsmøtet.

Det vert ført protokoll over møta i styret og eventuelle underutval.

§ 8 Ved oppløysing av foreninga, blir midlane og egedelane å forvalte til beste for arbeid i bygda som har sitt ståpunkt etter § 2 og § 3 i foreninga sine vedtekter.

§ 9 Endringar i vedtektene skjer med 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

Blanke stemmer tel som avgitte.

§ 3 og § 9 kan berre endrast etter vedtak på 2-to-på kvarandre følgjande årsmøte. I kvart vedtak må minst ¼ av dei avgitte stemmene vere for endringa.